| OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET | |
| --- | --- |
| 11/00001 - 7 | |
| DATD 17 FEB. 2011 | |
| AN | EKSP. |

Post- og teletilsynet
Norwegian Post and Telecommunications Authority

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

**Vår ref.:** 1100158-3 - 008
**Vår dato:** 14.2.2011
**Dykkar ref.:** 11/00001-1
**Dykkar dato:** 10.1.2011
**Saksbehandlar:** Alexander Iversen

www.npt.no

## Svar på høyring om endringar i energilova

Post- og teletilsynet (PT) viser til høyringsbrev datert 10.1.2011 frå Olje- og energidepartementet om endringar i energilova og enkelte andre lover. Tilgjengeleg kraft er eit grunnleggande premiss for elektronisk kommunikasjon (ekom), og ei sikker kraftforsyning med effektiv beredskap vil difor ha direkte positiv innverknad på ekomsektoren.

PT stiller seg generelt positiv til dei føreslåtte endringane, og registrerer spesielt at det er foreslått innført ei ny føresegn for sikring av fortsatt levering ved konkurs hos konsisjonær. Denne føresegna svarar i stor grad til § 2-11 i ekomlova som omhandlar sikring av fortsatt levering ved konkurs hos ekomtilbydar. PT vil likevel peike på ein skilnad, nemleg at konkursføresegna i ekomlova sett krav om at tilbydar på førehand skal legge planar for sikring av fortsatt levering ved konkurs, medan dette kravet ikkje eksplisitt kjem fram av den foreslåtte konkursføresegna i energilova. Slikt planverk kan likevel, slik PT les forslaget til ny § 9-2 andre ledd, bli påkravd gjennom vedtak.

Med vennleg helsing

Brevet er godkjent elektronisk og ekspedert på papir uten underskrift

Aslaug Hagestad Nag (e.f.)
avdelingsdirektør

Fredrik W. Knudsen
seksjonssjef

Kopi til: Samferdselsdepartementet, postboks 8010 dep., 0030 Oslo (ref. 11/84-PAT)

Besøksadresse | Office address
Nygård 1 Lillesand
Postadresse | Postal address
Postboks 93, 4791 Lillesand
+47 22 82 46 00
firmapost@npt.no
Fax: +47 22 82 46 40
Org.nr: NO 974 446871